



Terje Litlås
Litlåsvegen 170
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3157 - 17/32406

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
14.11.2017

Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 126/41 Hope

Tiltak: Etablering av tilkomstveg
Byggjestad: Gbnr: 126/41
Tiltakshavar: Jørgen Martin Herland
Ansvarleg søkjar: Terje Litlås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.10.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- 1) Ny situasjonsplan og profil, som viser tilkomstveg i samsvar med reguleringsplan, eller
- 2) Søknad om dispensasjon frå arealføremålet for nedre del av veggen som er friluftsområde. Planen viser kor langt Veg E skal gå nedover mot sørvest og knytast til privat internveg inne på tomta, og
- 3) Søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen.

Sidan verken kommunedelplanen eller detaljplanen viser byggegrense mot sjø, gjeld byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen. (Sjå vedlagte uttale frå departementet). Veggen er i strid med dette byggeforbodet. Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad har **funksjonell strandsone** (avgrensa med (grå stipla linje), som følgjer tomtegrensa mot sjøen på kommunedelplankartet nedanfor. At tiltaket ligg utafor funksjonell strandsone, vil vera eit viktig argument i søknaden.

Grunngjeven søknad om dispensasjon

må sendast inn. De må søka om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona etter plan- og bygningslova §

1-8. Dersom de opprettheld søkaden om veg inn på friluftsområdet, må de også søka om dispensasjon frå arealføremålet i kommunedelplanen.

Når søknaden er kommen inn, vurderer vi om han må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen før kommunen kan handsama søknaden.

Sjå vedlagt dispensasjonsretteleiar, som også inneheld eit enkelt søknadsskjema som de kan bruka, eller de kan skriva eit eige brev.

Dispensasjonssøknad skal i utgangspunktet nabovarslast. I denne saka kan vi unnta frå ekstra nabovarsling av dispensasjonssøknad, sidan naboane har kryssa av for «samtykker til tiltaket».



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon etter 1) eller 2) pluss 3) vert sendt inn samla innan 15.12.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Søknad om løyve til tiltak med dispensasjon har 12 veker sakshandsamingsfrist, pluss den tida det tek å henta inn tilleggsinformasjon og eventuell høyringsrunde.

De kan be om at søknad om løyve til tiltak vert lagt på vent inntil dispensasjonsspørsmålet er avklart.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jørgen Martin Herland	Litlåsvegen 21	5955	LINDÅS
Jørgen Martin Herland	Litlåsvegen 21	5955	LINDÅS
Terje Litlås	Litlåsvegen 170	5953	FONNES

Mottakarar:

Terje Litlås	Litlåsvegen 170	5953	FONNES
--------------	-----------------	------	--------